

Godt og informativt møte om helsetenester.

29.03.2017



Ellen Korsvoll(f.v.), Leif Kongestøl og Rita Arneberg gav god og viktig informasjon på møtet.

- Personalgruppa er nok dei som merkar største skilnaden. Brukarane kjem ikkje til å merka nokon ting, sa einingsleiar ved Rosendalstunet, Leif K. Kongestøl, då han oppsummerte ved slutten av det opne møtet om pleie- og omsorgstenester i Gamleskulen onsdag. Dei frammøtte fekk god og beroligande informasjon på møtet.



Rundt 30 møtte og fekk god informasjon.

Omorganiseringa av pleie- og omsorgstenestene var tema på møtet. Dette temaet har vorte særleg aktuelt sidan den felles basen for heimetenester og tenestene for PU-brukarar no vert splitta. Spørsmåla har vore mange, og frykten for dårlegare tenestetilbod har absolutt vore til stades. Forandringar skaper ofte usikkerhet, særleg frå noko som har fungert godt, og i slike samanhengar er informasjon viktig.

Til møtet i UU var det flott at kommunen sine folk stilte sterkt opp med nemnde einingsleiar Leif K. Kongestøl, einingsleiar for heimetenestene i vår bygd, Ellen Korsvold og gruppeleiar Rita Arneberg som skal vera på Hagetunet og ha ansvar for m.a. dei 11 psykisk utviklingshemma som bur i Uskedalen, sitt tilbod.

Kongestøl hadde ei grundig innføring i tenestene innan pleie og omsorg. Han trekte trådar tilbake til korleis organiseringa har endra seg frå han byrja i Kvinnherad kommune i 1987. Han kom også inn på utfordringar i åra som kjem og tilbodet framover. Tenestene vert framover vridd meir mot førebygging, heimetenestene vert viktigare og viktigare, og det vert nødvendig med meir samarbeid med frivillige. I den samanheng nemnde han og at talet på eldre i kommunen vil auka kraftig, frå ca.770 i aldersgruppa 80+ i dag til om lag 1200 i 2030.

Heimetenestetilbodet er nok det som det har vore knytta mest spenning til siste vekene. Einingsleiar Ellen Korsvold fortalte at den vert no fordelt i tre grupper i eininga ho leiar. Uskedalen vert saman med Omvikdalen, Matre og Åkra med Line Soltveit som gruppeleiar. Rosendal og innover vert ei gruppe, medan nordsida vert den tredje gruppa. Ho sa også at dei hadde lyst til å få til så god primærkontakt som mogeleg slik at brukarane skal føla seg så trygge som råd. Sjølv om frammøtestad er Rosendal, vil dei vera fleksible, og dei tilsette kan møte i Uskedalen om det er føremålstøyting. Rita Arneberg, som er gruppeleiar for tilsette som arbeider med PU-brukarar og som har base i Hagetunet, forsikra også om at dei ville tre hjelpende til dersom det skulle oppstå akutte behov for det, men på dagtid vil det vera folk frå heimetenesta som er på arbeid i Uskedalen. På nattetid vert det som før at ein får hjelp frå Rosendal.

Stillinga som kreftkoordinator som vert borte, fekk dei også spørsmål om. Her var det godt å få vite at det vert arbeidd for at kreftsjukepleiarane skal få tid slik at dei erstattar denne.

Underveis i møtet kom det mange spørsmål frå salen. Dei tre gjestene gav gode og gjennomtenkte svar. Dermed fekk vi inntrykk av at dei vel 30 frammøtte kjende seg beroliga etter møtet. Dei som ikkje var på møtet, kan også henta meir informasjon frå det i Kvinnheringen som også var på plass og dekka det.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland